


GJERDE OG LEVEGG

Søknad skal sendast til:

Hornindal kommune
Postboks 24
6761 Hornindal

**ByggSøk**

Det blir tilrådd å bruke nettbasert søknad gjennom ByggSøk-bygning (www.byggsok.no). Systemet er gratis, og du får rettleiing om utfylling undervegs. Ved å bruke ByggSøk får du samstundes ein betre kvalitetskontroll av søknaden.

Definisjonar:

Gjerde: Innhegning med enkle, lette konstruksjonar som skal hindre ferdsel, f. eks. flettverksgjerde eller andre gjerde som ikkje er tette o.l. Opne deler må utgjere minst 50 % av konstruksjonen. Tette, øtyngreø gjerde, til dømes skjermvegg eller der innhegning òg er støyskjerm, vil vere konstruksjonar som krev løyve etter plan- og bygningslovens § 20-1 eller § 20-2.

Levegg: Tett skjerm som hindrar innsyn, støy, vind e.l.

Kva er søknadspliktig?

Innhegning mot veg med enkle, lette konstruksjonar med høgd inntil 1,5 m. Innhegninga må ikkje hindra sikta i frisisiktone.	Kan setjast opp utan søknad, viss ikkje anna er avgjort i plan eller kommunal vedtekt. Naboar bør samarbeide om utføring, slik at innhegninga får lik utforming. Ta gjerne kontakt for å avklare kva som er søknadspliktig. Grensepåvisning kan vere aktuelt. Dersom det er søknadsplikt for innhegning mot veg i reguleringsplanen, skal det òg søkjast for enkle, lette gjerdar.
Gjerde mot nabo.	Kan settes opp utan søknad dersom ikkje anna er avgjort i plan eller kommunal vedtekt. Gjerde som bærer preg av å være levegg, vil være søknadspliktig.
Levegg med <ul style="list-style-type: none"> • høgd inntil 1,8 m • lengde inntil 10 m • avstand til nabogrense minst 4 m 	Kan setjast opp utan søknad. Skilje mellom seksjonar i rekkehus, der seksjonane er deler av same eigedom, blir ikkje rekna som nabogrense.
Andre gjerde (tette, øtungeø gjerde)	Søknadspliktig etter pbl § 20-2, evt. § 20-1.
Andre leveggar	Søknadspliktig etter pbl § 20-2, evt. § 20-1

NB! Tiltak må ikkje vere i strid med lova, planar og vilkår, og ikkje føre til ulempe for omgivingane eller ålmenne interesser. Ta kontakt med nabo på førehand.

Sjå bakside



GJERDE OG LEVEGG

Søknad skal innehalde:

Komplett søknad i 1 eksemplar etter plan- og bygningslovens § 20-2:

Søknadsblankett	NBR. nr. 5153*
Kopi av nabovarsel. Naboar skal også varslast dersom det vert søkt dispensasjon. Søknaden skal ikkje sendast inn før frist for nabomerknader er gått ut.	NBR. nr. 5155
Evt. merknadar frå naboar , med utgreiing for korleis desse evt. teke omsyn til.	
Situasjonsplan. Kartet må være av ny dato, og bestillast hjå kommunen. Gjerdet/leveggen si plassering vert markert med farge på kartet, og avstandar vert målsett.	
Teikningar i målestokk, f eks. M 1:100, eller skisse. Teikningar må vise høgd og utføring.	
Evt. søknad om dispensasjon* . Er søknaden avhengig av dispensasjon frå plangrunnlaget eller andre vilkår, vert det kravd grunnlagt søknad, jf. pbl § 19-1.	

* Ikkje aktuelt som eige vedlegg ved bruk av ByggSøk-bygning

NB! For større gjerde og leveggar utanom bustad- og landbrukseigedomar, kan kommunen krevje søknad etter pbl § 20-1. Slik søknad må sendast inn av føretak som kan godkjennast som ansvarleg søkjar.

Gjerde mot veg må ikkje plasserast utanfor eigedomsgrensa. Vi gjer også merksam på at slike gjerder må utformast slik at dei tåler belastninga frå vanlig vegvedlikehald, f. eks. snøbrøyting.

Når kan arbeidet ta til?

Arbeidet kan ta til 3 veker etter at søknaden er motteken i kommunen dersom følgjande vilkår er ivareteke (jf. pbl § 21-7):

- Arbeidet er i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av pbl (ingen dispensasjon).
- Det ligg ikkje føre merknader frå naboar eller gjenbuar.
- Det er ikkje nødvendig med ytterligere løyve, samtykke eller uttale frå anna styresmakt.
- Kommunen har ikkje gjeve melding om forlenga saksbehandlingsfrist, jf. SAK 10 § 7-3.

Dersom desse vilkåra ikkje er oppfylt, kan ikkje arbeidet ta til før det ligg føre skriftleg løyve frå kommunen. Det blir tilrådd å ta kontakt med kommunen før oppstart.

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest.

